



Seineffektane ein ikkje snakkar om

Gynekologisk kreftbehandling og seksuell helse

Kandidatnummer: 407

VID vitenskapelig høgskole

Campus Haraldsplass, Bergen

Fordypningsoppgave

Videreutdanning i kreftsykepleie

VUKS-BG5400 Vitenskapsteori, forskningsmetoder og forskningsetikk

Kull: 2019 deltid

Antall ord: 4078

Dato: 12.05.2021

Vi kjenner den gjennom hele livet. Kraften vi kaller seksualitet. Noen tror den seksuelle delen av oss sitter mellom beina. Men den sitter like mye mellom ørene. Jeg snakker ofte om at vi både har en fysisk og en psykisk helse. Vi har en seksuell helse også. Den er både fysisk og psykisk. God seksuell helse er med på å holde oss friske og i trivsel.

(Bent Høie. Helse- og omsorgsdepartementet, 2017, s. 3)

Samandrag

Introduksjon: For mange kreftpasientar vil seinskader som følgje av behandlinga eller sjukdommen påverke og endre livet inkludert den seksuelle helsa. Gynekologiske kreftpasientar er særleg utsette for at behandlingsmetodane kan få konsekvensar for seksualiteten. For å sikre god kompetanse i helsetenesta om seinskader etter kreftbehandling, er det difor nødvendig med kunnskap om korleis behandlinga påverkar den seksuelle helsa, slik at seksuell helse kan integrerast i helsefremjande og sjukdomsførebyggande arbeid. *Problemstilling:* Korleis påverkar gjennomgått kurativ kreftbehandling seksuell helse hos kvinner med gynekologisk kreft?

Metode: Litteraturstudie vart nytta som metode. Litteratursøka vart utført i databasane MEDLINE, CINAHL og PsykINFO. Følgjande søkeord vart nytta: «genital neoplasms», «uterine cervical neoplasms», «ovarian neoplasms», «vulvar neoplasms», «cancer survivors», «late adverse effects», «life experiences», «rehabilitation», «sexual behaviour», «psychosocial functioning», «health personnel», «sexual activity», «dialogue», «sexual health», «sexuality», «quality of life» og «sexual dysfunction».

Resultat: Resultat frå ni forskingsartiklar viste at kreftbehandlinga kan få negative konsekvensar for fysiske-, psykiske-, og sosiale aspekt ved seksualiteten. Fysiske endringar som følgje av behandlinga kunne føre til dårlegare kroppsbilete, endra identitetskjenne og endring i seksuallivet som igjen kunne verke negativt på relasjonen til partner.

Konklusjon: Kreftoverlevarane etterlyste informasjon då dei følte seg lite førebudde og hadde vanskar med å handtere biverknader etter behandlinga og konsekvensane desse fekk for den seksuelle helsa. Dette kan tyde på at det ikkje føreligg gode nok rutinar for korleis helsepersonell skal ta opp temaet. PLISSIT-modellen er eit allereie kjent og eigna verktøy å bruke i samtalar om seksuell helse, og kan med fordel nyttast. Vidare forskning der ein undersøker korleis slike samtalar best mogleg kan implementerast i praksis kan synast hensiktsmessig. Synleggjering av denne kunnskapen er nødvendig, slik at helsepersonell i størst mogleg grad kan førebygge at biverknader av behandlinga får negative konsekvensar for den seksuelle helsa.

Nøkkelord: Gynekologisk kreft, seineffektar etter behandling, seksuell dysfunksjon, seksuell helse

Abstract

Introduction: For many cancer patients, late adverse effects caused by the disease or the treatment will affect and change the patient's life, including the sexual health. Gynecological cancer patients are especially vulnerable to treatment-related effects on the sexuality. Knowledge of how cancer treatment affects sexual health is important to ensure high competence in healthcare services regarding the late adverse effects of cancer treatment, and to include sexual health in disease prevention and health-promoting work. *Research question:* How does curative cancer treatment affect sexual health in women with gynecological cancers?

Method: Literature review. Literature searches were performed in MEDLINE, CINAHL and PsycINFO. The following keywords were used: «genital neoplasms», «uterine cervical neoplasms», «ovarian neoplasms», «vulvar neoplasms», «cancer survivors», «late adverse effects», «life experiences», «rehabilitation», «sexual behavior», «psychosocial functioning», «health personnel», «sexual activity», «dialogue», «sexual health», «sexuality», «quality of life» and «sexual dysfunction».

Results: The results from 9 different research articles showed that cancer treatment can have negative effects on both physical-, psychological- and social aspects of sexuality. Physical changes as a result of treatment can cause poor body image, altered sense of identity and changes in sexual activity leading to negative effects on partner relationships.

Conclusion: The cancer survivors did not feel prepared for, and had difficulties coping with the side effects of the treatment and the consequences it had on their sexual health. More information regarding this was requested. This may indicate that routines on how health care workers should address the topic are not good enough. The PLISSIT model represents a well-known and accessible tool for use in conversations on sexual health and could be used to good advantage. Further research on this topic would seem necessary to explore how conversations on sexual health best could be implemented as part of the treatment. Making this knowledge visible is necessary so health care workers are better equipped to prevent treatment side effects having a negative impact on the patient's sexual health.

Key words: Genital neoplasms, late adverse effects, sexual dysfunction, sexual health

Innhald

1 Innleiing	1
1.1 Hensikt.....	2
1.2 Problemstilling.....	2
2 Metode	3
2.1 Litteratursøk.....	3
2.2 Utveljing av artiklar.....	4
2.3 Analyse av utvalde artiklar.....	5
3 Resultat	6
3.1 Fysiske endringar som følgje av behandlinga.....	6
3.2 Kroppsbilete og identitet.....	7
3.3 Konsekvensar for intime relasjonar.....	8
4 Drøfting	9
4.1 Styrker og svakheiter.....	11
5 Konklusjon	13
6 Formidling	14
Referansar	15

Vedlegg 1: PEO-skjema og Søkehistorikkskjema

Vedlegg 2: Sjekklister

Vedlegg 3: Resultattabell

Vedlegg 4: Likskap og skilnader mellom studiane

1 Innleiing

Ifølgje Helse- og Omsorgsdepartementet vert over 30 000 nye krefttilfelle diagnostisert årleg, og ein antek at 1 av 3 nordmenn vert ramma av ein kreftsjukdom før fylte 75 år. Kreftdiagnosar vert no stilt tidlegare, og kreftbehandlinga vert stadig betre, noko som fører til ei auking i overleving. I overkant av 70 % av kreftpasientane lever 5 år etter diagnose (Helse- og omsorgsdepartementet, 2018, s. 8). Auka overleving, mellom anna grunna nye og meir intensive behandlingsmetodar, kan føre til at ein utviklar nye helseproblem som følgje av sjukdommen eller behandlinga (Helse- og omsorgsdepartementet, 2018, s. 30). Seinskader kan definerast som biverknader og helseplager som anten varer lengre enn, eller oppstår eitt år eller meir etter avslutta behandling, og som sannsynlegvis skuldast kreftsjukdommen eller behandlinga (Kreftforeningen, 2018).

For mange kreftpasientar vil seinskader påverke og endre livet, inkludert den seksuelle helsa (Helse- og omsorgsdepartementet, 2018, s. 37). I strategiplanen for seksuell helse vert begrepet seksuell helse definert som «fysisk, mental og sosial velvære relatert til seksualitet». Seksualiteten omfattar altså kjensler, tankar og handlingar i tillegg til det fysiske og fysiologiske. Seksualiteten og den generelle helsetilstanden kan påverke kvarande i positiv eller negativ retning, og god seksuell helse er ein ressurs som fremjar livskvalitet og meistringsferdigheiter (Helse- og omsorgsdepartementet, 2017, s. 7).

Kreftsvulstar lokalisert til kvinnelege kjønnsorgan og dei ulike behandlingsformene kan påverke og endre seksualiteten. Kirurgisk behandling omhandlar fjerning av heile eller delar av kjønnsorgan, og kan føre til skade på nerve og blodforsyning. Også cellegift kan gi nerve- og karskader som resulterer i nedsett funksjon og kjensle i desse organa. Strålebehandling kan redusere blodforsyninga og føre til stivheit og skrumping av kjønnsorgana. Av same grunn kan hormonbalansen og fertiliteten verte påverka, og saman med allmennsymptom etter behandlinga, ha ein negativ verknad på den seksuelle helsa (Gjessing & Dahl, 2019, s. 110).

I Helse- og omsorgsdepartementet sin strategiplan for seksuell helse er eit av måla å sikre at seksuell helse vert integrert i helsefremjande og sjukdomsforebyggande arbeid i alle nivå av helse- og omsorgstenesta (Helse- og omsorgsdepartementet, 2017, s. 26). I ei brukarundersøking kreftforeningen gjennomførte i 2014, rapporterte to tredjedelar om

seksuelle problem i ei eller anna form etter gjennomgått kreftbehandling. Mange rapporterte også at dei ikkje hadde fått informasjon om korleis kreftbehandlinga kunne påverke seksualiteten og seksuallivet (Helse- og omsorgsdepartementet, 2018, s. 37). Dette kan tyde på at det er behov for meir kunnskap om korleis kreftbehandling påverkar den seksuelle helsa, slik at ein betre kan imøtekomme pasientane sine behov.

1.1 Hensikt

Hensikta med litteraturstudiet er å samle og systematisere informasjon om korleis gjennomgått kreftbehandling påverkar den seksuelle helsa til kvinner med gynekologisk kreft. Seksuell helse er ein del av den totale helsetilstanden. For å sikre god kompetanse i helsetenesta om seinskader etter kreftbehandling, er det nødvendig med kunnskap om korleis behandlinga påverkar den seksuelle helsa, slik at ein kan imøtekomme behova til den enkelte pasient.

1.2 Problemstilling

Korleis påverkar gjennomgått kurativ kreftbehandling seksuell helse hos kvinner med gynekologisk kreft?

2 Metode

For å belyse problemstillinga i avsnitt 1.2, vart litteraturstudie nytta som metode. Ifølgje Aveyard kan ein litteraturstudie skildrast som ein grundig gjennomgang og tolking av litteraturen relatert til eit bestemt tema (Aveyard, 2014, s. 2). Ved å berre lese enkeltstudiar, kan ein gå glipp av informasjon og få eit bilete av temaet som ikkje er heilheitleg. Dersom ein kombinerer resultatane frå mange studiar, kan funna verte meir overtydande og nyttifulle. Litteraturstudiar er difor viktige innan helse- og sosialfag då det er vesentleg å holde seg oppdatert på ei aukande mengde litteratur for å kunne tilby oppdatert pleie (Aveyard, 2014, s. 4). Litteraturstudiar kan også avdekke gap i den eksisterande litteraturen, og på den måten gi ein peikepinn på kva felt ein treng å forske meir (Polit & Beck, 2021, s. 82).

2.1 Litteratursøk

Når forskingsspørsmålet er identifisert, er det ifølgje Polit og Beck essensielt å utføre eit grundig søk i litteraturen for å finne svar på problemstillinga (Polit & Beck, 2021, s. 82). For å gjere søket tydeleg og presist, starta eg med å sette problemstillinga inn i eit PEO-skjema (Vedlegg 1). P står for «population», E står for «exposition/issue/interest» og O står for «outcome» (Universitetet i Agder, 2021). Deretter nytta eg MeSH på norsk for å finne gode norske og engelske faguttrykk til søket mitt (Helsebiblioteket, 2016). Via Helsebiblioteket vart det utført søk i databasane MEDLINE, CINAHL og PsykINFO ved hjelp av tekstord og emneord. Tekstord er ord og tittel i samandrag eller heile teksten i ein artikkel, medan emneord er standardiserte ord som skildrar innhaldet i artikkelen. Søkeorda vart kombinert på ulike måtar ved å bruke dei boolske operatorane «AND» og «OR». «AND» avgrensar søket, medan «OR» utvidar søket (Helsebiblioteket, 2016). Søkeorda som vart nytta var: «genital neoplasms», «uterine cervical neoplasms», «ovarian neoplasms», «vulvar neoplasms», «cancer survivors», «late adverse effects», «life experiences», «rehabilitation», «sexual behaviour», «psychosocial functioning», «health personnel», «sexual activity», «dialogue», «sexual health», «sexuality», «quality of life» og «sexual dysfunction».

Hovudfunna vart gjort i CINAHL og MEDLINE (sjå søkehistorikkskjema frå CINAHL i Vedlegg 1). Det vart også utført referansesøk. Faglitteratur samt strategiplanar frå Helse- og

omsorgsdepartementet har vore viktig som grunnleggande kunnskap i arbeidet med litteraturstudien.

Bruk av inklusjons- og eksklusjonskriteriar er vesentleg for å sikre at litteraturen som vert funnen er relevant for problemstillinga (Aveyard, 2014, s. 97). Søket vart avgrensa til å gjelde vaksne kvinner der artiklane var engelskspråklege og fagfellevurdert. For å tilstrebe oppdatert forskning på eit fagfelt i stadig utvikling, søkte eg hovudsakleg etter litteratur frå 2010 og utover. Ulike søkekombinasjonar i databasane ga ei stor breidde av treff. Ved å ekskludere litteraturstudiar, studiar som fokuserte på behandling av seksuell dysfunksjon, studiar der kvinnene fortsatt fekk aktiv kreftbehandling samt ikkje-vestlege studiar, vart mengda relevant litteratur betydeleg mindre. Artiklar som i ulik grad tok føre seg korleis kreftbehandlinga hadde påverka den seksuelle helsa til kvinner med gynekologisk kreft vart inkludert for vidare gjennomlesing.

2.2 Utveljing av artiklar

I søkeprosessen vart artiklane vurdert ut frå tittel og samandrag. Aktuelle artiklar vart lese grundig, og gyldigheita av innhaldet vart vurdert ved å bruke sjekklister frå Helsebiblioteket (Vedlegg 2). Ni artiklar vart så inkludert i litteraturstudiet. Tre av desse var kvalitative studiar, fem var kvantitative studiar og ein nytta metodetriangulering. Ifølgje Aadland vert kvalitative metodar nytta for å vinne større forståing kring fenomen, til dømes sosiale relasjonar og opplevingar (Aadland, 2004, s. 209). Då problemstillinga undersøker korleis kreftbehandlinga påverkar den seksuelle helsa, vart det vurdert som hensiktsmessig å nytte studiar med både kvantitativt og kvalitativt design for å få eit meir nyansert bilete av temaet.

Totalt 678 kvinner i alderen 26-81 år var inkludert i studiane. Flesteparten av kvinnene hadde fått behandling for livmorhals-, eggstokk- eller livmorkreft, men kvinner med kreft i vagina og vulva var også representert. Behandlinga bestod av kirurgi, kjemoterapi eller stråreterapi i ulike kombinasjonar. Tid sidan behandling varierte frå nokre veker til meir enn 25 år.

Fleire av studiane tok også føre seg korleis kvinnene opplevde kommunikasjonen kring seksuell helse med helsepersonell. Dette temaet går ikkje direkte på problemstillinga. Årsaka til at desse artiklane likevel vart inkludert, er at mange av kvinnene opplevde at mangel på

informasjon kunne verke inn på korleis kreftbehandlinga påverka den seksuelle helsa. To av artiklane vart publisert før 2010, men har likevel vorte inkludert. Lindau et. al (2007) samanlikna seksualiteten hos langtidsoverlevarar med ei kontrollgruppe frå normalbefolkninga. Ein kunne då sjå om førekomsten av eventuelle seksuelle problem skilte seg frå utvalet frå normalbefolkninga. I studien til Rasmusson og Thome (2008) vart fleire aspekt ved den seksuelle helsa omtalt, og kunne difor belyse områder som ikkje kom like tydeleg fram i dei andre studiane. Eg har likevel vore bevisst at dette er relativt gamle studiar innan eit fagfelt som er i stadig utvikling. Forskingsetiske prinsipp bidreg til at forskingsprosessen vert gjennomført på ein forsvarleg og verdig måte (Befring, 2015, s. 28). Deltakarane i dei kvalitative studia ga informert samtykke, hadde moglegheit til å trekke seg og vart anonymiserte. Validerte spørjeskjema vart nytta i prevalensstudia. Alle hadde fått godkjenning frå etisk komité.

2.3 Analyse av utvalde artiklar

Ifølgje Aveyard (2014, s. 143) er første steget i prosessen å gjere seg kjend med artiklane for å kunne samanfatte innhaldet i kvar enkelt studie. Neste steg består av å identifisere tema ut frå resultatata i dei ulike studiane (Aveyard, 2014, s. 144). Etter å ha lese resultatdelen i kvar enkelt studie grundig, vart nøkkelfunn relatert til problemstillinga notert ned. Ved å analysere og samanfatte nøkkelfunna, vart det så utarbeida tre tema som danner grunnlaget for resultatdelen og drøftinga. I mykje av forskinga vart det lagt størst vekt på korleis kreftbehandlinga påverka dei fysiske aspekta ved seksualiteten. Då mentalt- og sosialt velvære også er viktig for den seksuelle helsa, er følgjande tema utarbeida: «fysiske endringar som følgje av behandlinga», «kroppsbilete og identitet» og «konsekvensar for intime relasjonar». Under desse tema har eg og valt å presentere funn som omhandlar kommunikasjon om seksualitet mellom pasientane og helsepersonell, då det viste seg at dette kunne verke inn på korleis behandlinga påverka den seksuelle helsa.

3 Resultat

Følgjande vert resultat frå dei ni inkluderte studiane presentert. Funn relevante for problemstillinga vert lagt fram ved hjelp av tre tema som vart presentert i avsnitt 2.4. Tabellar som viser resultatoversikt (Vedlegg 3) og likskap og skilnader mellom studiane (Vedlegg 4) er lagt ved oppgåva.

3.1 Fysiske endringar som følgje av behandlinga

Alle dei ni inkluderte studiane omtalte i ulik grad korleis fysiske endringar som følgje av kreftbehandlinga fekk negative konsekvensar for sexlivet til kvinnene (Vedlegg 4: Likskap og skilnader mellom studiane). Ordet seksuell dysfunksjon gjekk igjen i mange av studiane, og dette er eit begrep som omfattar ulike seksuelle problem. I ein studie med 75 deltakarar hadde så mange som 78,7 % ein FSFI-score (Psychometric Validation of the Female Sexual Function Index) som indikerte seksuell dysfunksjon (Chapman et al., 2019). Manglande sexlyst, smerter ved penetrering og redusert libido var dei seksuelle problema som oftast vart nemnt i studiane (Sekse et al., 2013; Reis et al., 2010; Lindau et al., 2007; Sekse et al., 2017). Total hysterektomi kunne også føre til utfordringar, då lengda på skjeden vart kortare, og dette vanskeleggjorde penetrering under samleie (Reis et al., 2010, s. 143). Den seksuelle responsyklusen er samansett og vert påverka av mange faktorar. Redusert libido og smerter under samleie påverka velværet og kunne difor stå i vegen for å oppnå orgasme (Reis et al., 2010, s. 143). Bevisstheit rundt endra fysisk utsjånad, frykt for smerter grunna tidlegare opplevingar samt plager med urininkontinens var alle faktorar som førte til at den psykiske helse kunne forstyrre den seksuelle aktiviteten (Lindau, et al., 2007).

Det vart ikkje avdekka klare og einstyddande skilnader i plager relatert til diagnose, FIGO-stadie eller behandlingsmetode i dei ulike studiane. Ein såg likevel ei antydning til at yngre kvinner rapporterte fleire menopauseale symptom, var meir seksuelt aktive, men hadde fleire seksuelle bekymringar (Mikkelsen et al., 2017, s. 829). Det kom også fram at overvektige kvinner og kvinner behandla med kirurgi kunne rapportere meir plager med lymfeødem, og at dei med lokalavansert sjukdom rapporterte fleire symptom (Mikkelsen et al., 2017, s. 829). På trass av kroppslege plager og endringar i seksuallivet, rapporterte mange kvinner relativt god livskvalitet (Sekse et al., 2017, s. 407).

3.2 Kroppsbilete og identitet

Sju av dei inkluderte studiane omtalte utfordringar knytta til kroppsbilete og identitet (Vedlegg 4: Likskap og skilnader mellom studiane). Kroppslege endringar som følgje av diagnosen og behandlinga fekk konsekvensar for korleis mange av kvinnene i studiane såg på seg sjølv. Ei kjensle av å leve i ein ukjend og uforutsigbar kropp vart skildra, og så lenge som 5 år etter behandlinga vart det fortsatt jobba med å få tilbake sjølvtilitt og kontroll over den endra kroppen (Sekse et al., 2013, s. 20). Kreftbehandlinga kan for mange føre til infertilitet. Særleg yngre kvinner som ikkje hadde fått skapt seg den familien dei hadde sett føre seg, opplevde manglane evne til å få barn som eit stort tap (Rasmusson & Thome, 2008). Infertilitet og fjerning av reproduktive organ framkalla også ei kjensle av å vere mindre kvinneleg hos mange av deltakarane, og dette fekk direkte konsekvensar for identiteten (Reis et al., 2010, s. 142). Vanskar med å akseptere slike kroppslege endringar som følgje av kreftbehandlinga, fekk konsekvensar for kroppsbilete og kjensla av feminitet, og dette påverka i sin tur den seksuelle sjølvtiliten. Slike utfordringar vart oppgitt som ein barriere for å oppnå god seksuell helse (McCallum et al., 2012, s. 137-138).

I fire av dei inkluderte studiane etterlyste deltakarane informasjon om kva konsekvensar behandlinga fekk for kroppen og den seksuelle helsa deira (Sekse et al., 2013; Reis et al., 2010; Chapman et al., 2019; Rasmusson & Thome, 2008; McCallum et al., 2012). Ynskje om korleis slik informasjonen skulle formidlast varierte, og ein såg at alder, sivilstatus og utdanning kunne verke inn på svara som vart gitt (Vedlegg 3: Resultattabell). Det kom fram at mangel på kunnskap om kroppslege endringar kunne føre til usikkerheit og vanskar med å handtere seksuelle problem. Usikkerheit knytta til symptom som smerter, bløding og endra anatomi kunne føre til at kvinner avstod frå seksuelle aktivitetar i frykt for å gjere skade (Reis et al., 2010, s. 142). I ein studie med 162 deltakarar kom det fram at to tredjedelar aldri hadde snakka med behandlar om kva konsekvensar behandlinga kunne få for den seksuelle helsa. Deltakarane som ikkje hadde fått slik informasjon hadde signifikant høgare risiko for å utvikle alvorlege seksuelle problem (Lindau et al., 2007, s. 5).

3.3 Konsekvensar for intime relasjonar

Åtte av dei inkluderte studiane omtalte konsekvensar kreftbehandlinga fekk for intime relasjonar (Vedlegg 4: Likskap og skilnader mellom studiane). Endring i sexlivet grunna fysiske og psykiske utfordringar var hovudårsaka til at relasjonen til partner vart påverka i desse studiane. Manglande evne til å få barn og kvinnene sitt endra syn på eiga rolle kunne også få konsekvensar for parforholdet (Reis et al., 2010, s. 142). Endra sexliv førte til ei grunnleggande endring i relasjonen, og dette leia til utfordringar med å akseptere at ein ikkje lenger kunne uttrykke kjærleik på same kroppslege og intime måte som før (Sekse et al., 2013, s. 23). Problemstillingar knytta til den seksuelle helsa var ikkje hovudfokuset ved diagnosetidspunktet, men undervegs i prosessen vart det klart at intimitet og seksualitet var viktig for å oppleve velvære. For å minimere risikoen for negativ påverknad av parforholdet, vart det etterlyst informasjon og kunnskap om kva konsekvensar diagnosen og behandlinga kunne få (Rasmusson & Thome, 2008).

Tilfredsheita med sexlivet vart betydeleg redusert etter kreftbehandlinga (Hubbs et al., 2019, s. 4). Det vart rapportert varierende tal kva gjaldt hyppigheita av den seksuelle aktiviteten samanlikna med før behandlinga. I ein studie med 129 kvinner svarte to tredjedelar at dei var seksuelt aktive etter behandlinga, og av desse rapporterte halvparten at hyppigheita var lik som før (Sekse et al., 2017, s. 404). På trass av signifikant fleire komplekse seksuelle problem, deltok likevel langtidsoverlevarar i seksuelle relasjonar og aktivitetar på lik linje med ei kontrollgruppe frå normalbefolkninga (Lindau et al., 2007, s. 5).

4 Drøfting

I denne studien har eg undersøkt korleis kurativ kreftbehandling har påverka den seksuelle helsa til kvinner med ulike gynekologiske kreftdiagnosar. I resultatdelen vart det presentert funn som viste at både fysiske-, og men også mentale- og sosiale aspekt ved seksualiteten, vart påverka i etterkant av behandlinga. Då desse områda påverkar kvarandre og heng tett saman, vil resultatane no verte drøfta samla.

Seksuell dysfunksjon vart i ulik grad rapportert i samtlige inkluderte studiar. Innleiingsvis vart det presentert teori om korleis dei ulike behandlingsmetodane kan føre til fysiske skader og endringar i kroppen til gynekologiske kreftpasientar, og resultatane i denne studien viser at slike seinskader er utbreidde blant overlevarane. Redusert seksuell lyst og nedsett vaginal libido er vanlege symptom ved overgangsalderen, og det kan difor tenkjast at nokre av plagene rapportert i studiane var aldersbetinga. Signifikant høgare forekomst av seksuell dysfunksjon blant kreftoverlevarar samanlikna med friske kontrollgrupper, tyder derimot på at dei seksuelle utfordringane i stor grad skuldast kreftbehandlinga (Lindau et al., 2008, s. 5).

Den seksuelle helsa er ein viktig del av den totale helsa. Korleis kan det då ha seg at mange overlevarar rapporterte god livskvalitet, på trass av store utfordringar knytta til den seksuelle helsa (Sekse et al., 2017, s. 407)? Ei mogleg forklaring kan vere eit såkalla responskifte (Rannestad et al., 2008, s. 476). Det kan tenkjast at kvinner som har overlevd ein alvorleg kreftsjukdom, får eit nytt perspektiv på livet, og at andre områder vert tillagt større verdi og merksemd. Gleda over å få fortsetje livet saman med familie og vener kan for eksempel overskygge plagsame biverknader etter behandlinga. God seksuell helse er likevel ein ressurs som kan fremje livskvalitet og meistring. Sjølv om slik forskning kan gi håp om eit godt og meningsfullt liv, så vert ikkje nødvendigvis seksuelle utfordringar avdekka. Som del av den totale helsa er det difor viktig at også den seksuelle helsa vert kartlagt og ivareteken.

Dårleg kroppsbilete, redusert sexlyst, nedsett libido og smerter ved samleie fekk negative konsekvensar for sexlivet og påverka relasjonen til partner (Vedlegg 3: Resultatoversikt). Likevel såg ein at kreftoverlevarane deltok i partnerskap og seksuelle aktivitetar på lik linje med normalbefolkninga (Lindau et al., 2007, s. 5). Kva kan ligge bak slike funn? Sterke intime relasjonar vart trekt fram som viktig for å oppnå god seksuell helse (McMallum et al., 2012, s. 137). Det kan då vere nærliggjande å tenke at nokre kvinner, på trass av ubehag,

oppretheldt den seksuelle aktiviteten hovudsakleg for å tilfredsstille partnaren. Men kvinnene skildra også utfordringar med å akseptere kroppslege endringar som førte til at dei ikkje kunne vere intime med og uttrykke kjærleik til partnar på same måte som før (Sekse et al., 2013, s. 23). Behovet for intimitet og kropps nærheit vil vere til stades sjølv om kreftbehandlinga har ført til kroppslege endringar. Det kan difor tenkjast at den seksuelle aktiviteten vart oppretthalden i like stor grad for kvinnene si skuld, for på den måten å bevare intimiteten og parforholdet slik det var før kreftdiagnosen.

I strategiplanen for seksuelle helse er eit av hovudmåla å sikre at seksuell helse vert integrert i helsefremjande og sjukdomsførebyggande arbeid i helse- og omsorgstenesta (Helse- og omsorgsdepartementet, 2017, s. 26). Kunnskap om kroppslege endringar som følgje av kreftbehandlinga og konsekvensar slike endringar kan få for den seksuelle helsa føreligg. Kvifor rapporterte då så mange kreftpasientar at dei aldri har snakka med helsepersonell om temaet (Helse- og omsorgsdepartementet, 2018, s. 37)? Seksualitet kan vere vanskeleg for helsepersonell å snakke om då det er eit intimt og privat tema. Ein kan likevel ikkje forvente at kreftpasientane sjølv tek opp problemstillingar knytta til den seksuelle helsa i behandlingsforløpet. Å bli diagnostisert med kreft er ei stor påkjenning som kan utløyse ulike reaksjonar, og den seksuelle helsa er kanskje ikkje det første ein tenkjer på når livet vert sett på spel. Resultat frå dei ulike studiane viste tydeleg at kvinnene ikkje var førebudde og difor hadde vanskar med å handtere dei kroppslege endringane etter behandlinga, og dette fekk store konsekvensar for kroppsbilete, identiteten, sexlivet og relasjonen til partnar (Vedlegg 3: Resultattabell). Overlevarane måtte sjølv erfare slike utfordringar før dei skjønnte at det fekk konsekvensar for den seksuelle helsa deira. Utan kunnskap om kva som er normalt å oppleve, er det då lett å førestille seg at det kan vera utfordrande å ta opp slike sårbare tema, særleg dersom helsepersonell tidlegare ikkje har opna opp for samtalar om seksuell helse.

Kva kan så vere årsaka til at helsepersonell ikkje informera om slike biverknader og snakkar om seksuell helse? På trass av stor einigheit om viktigheita av å snakke om seksuelle problem, vart mangel på tid, usikkerheit rundt framgangsmåte, flauheit og ansvarsfråskrivning trekt fram som nokre av årsakene til at helsepersonell ikkje tok opp temaet (Stead et al., 2003, s. 668). På bakgrunn av dette, kan det verke som at det ikkje føreligg gode nok rutinar som gir helsepersonell rom og tryggleik nok til å snakke om den seksuelle helsa med

pasientane. I strategiplanen for seksuell helse vert PLISSIT-modellen trekt fram som eit eigna verktøy å bruke i silke samtalar. Denne skildrar ulike nivå av behov for informasjon og hjelp. Alle helsepersonell bør vere i stand til å ivareta dei to nedste nivåa i denne modellen, det vil seie å kunne gi grunnleggande informasjon om biverknader av behandlinga og gi rom for at pasienten kan ta opp spørsmål knytta til seksualitet og helse (Helse- og omsorgsdepartementet, 2017, s. 26). I resultatkapittelet kom det fram at kvinnene hadde ulike behov når det kom til korleis dei ynskte helsepersonell skulle ta opp temaet, og dette viser at informasjonen og tilnærminga bør tilpassast den enkelte (Vedlegg 3: Resultattabell). Kunnskap om biverknader føreligg, og PLISSIT-modellen er eit etablert og godt eigna verktøy å bruke. Likevel kan det verke som at det i liten grad vert opna opp for samtalar om seksuell helse. På bakgrunn av dette kan det synast nødvendig med vidare forskning der ein undersøker korleis slike samtalar best mogleg kan gjennomførast, slik at samtalar om seksuell helse vert implementert i praksis.

Funna i denne studien viser at kreftbehandlinga kan få negative konsekvensar for fysiske-mentale- og sosiale aspekt ved seksualiteten til kvinner med gynekologisk kreft. Mangel på informasjon om biverknader av behandlinga kan i tillegg føre til at førekkomsten av seksuelle problem aukar (Lindau et al., 2007, s. 5). Alder, diagnose og behandlingsmetode kan også verke inn på kva utfordringar som oppstår, men felles for alle kvinnene er at dei har ei seksuell helse som må ivaretakast. Informasjonen bør tilpassast den enkelte då seksualitet er eit ømfintleg tema som fordrar varsam og respektfull tilnærming. Synleggjering av denne kunnskapen er difor viktig, slik at helsepersonell gjennom systematiske samtalar i størst mogleg grad kan forebygge at behandlinga får negative konsekvensar for kvinnene si seksuelle helse.

4.1 Styrker og svakheiter

Lite erfaring med søk kan ha ført til at aktuelle artiklar ikkje har vorte oppdaga i søkeprosessen. Feiltolking av engelskspråklege artiklar kan også ha ført til at relevant forskning har vorte ekskludert, eller at inkluderte artiklar ikkje har vorte korrekt oversett. Tverrsnittstudie vart nytta som metode i dei kvantitative studia. Her føreligg ikkje data om korleis den seksuelle helsa var før kreftbehandlinga, og ein kan difor ikkje vite sikkert at

behandlinga var årsaka til utfordringane. Data vart henta frå eitt bestemt tidspunkt, og forskarane hadde liten moglegheit til å kontrollere opplysningane som vart gitt. Dei kvalitative studiane har få deltakarar, men då slike metodar har som føremål å vinne større forståing kring eit fenomen, har dei tilført oppgåva varierte skildringar av temaet. Seksuell helse er eit ømfintleg tema, og det kan tenkast at respondentane skilde seg frå dei som ikkje responderte utan at slike data føreligg. Ulike kreftdiagnosar er representert i studiane, og tid sidan behandling strekte seg frå nokre veker til svært mange år, noko som ga eit breitt spekter av erfaringar. Omfanget av oppgåva førte til at resultatane er basert på relativt få studiar. Likevel vart dei same utfordringane i varierende grad avdekka i alle inkluderte studiar, noko som styrkar overføringsverdien.

5 Konklusjon

I denne litteraturstudien har eg undersøkt korleis kurativ kreftbehandling påverkar den seksuelle helsa til kvinner ferdigbehandla for gynekologisk kreft. Resultata frå dei ni inkluderte studiane viste at behandlinga kan få negative konsekvensar for fysiske-, psykiske- og sosiale aspekt ved seksualiteten. Seinskader etter kirurgi-, kjemoterapi- og stråleterapi kan føre til redusert seksuell lyst, nedsett vaginal libido og smerter ved penetrering, noko som igjen kan påverke seksuallivet negativt. Kroppslege endringar som følgje av behandlinga kan føre til dårlegare kroppsbilete og endring i kvinnene si identitetskjenle. Infertilitet og endra seksualliv kan i sin tur påverke relasjonen til partner. Fåtalet av kvinnene hadde fått informasjon frå helsepersonell om biverknader av behandlinga, og mange følte seg difor lite førebudde og hadde vanskar med å handtere dei kroppslege endringane og konsekvensane dette fekk for den seksuelle helsa deira. Dette kan tyde på at det ikkje føreligg gode nok rutinar for korleis samtalar om seksuell helse skal gjennomførast i praksis, og vidare forskning på området kan synast hensiktsmessig. PLISSIT-modellen er ein allereie kjent og veileigna metode å bruke i samtalar om seksuell helse, og burde i større grad integrerast i praksis. Synleggjering av denne kunnskapen er difor nødvendig slik at helsepersonell i størst mogleg grad kan bidra til å førebygge at behandlinga får negative konsekvensar for den seksuelle helsa til desse kvinnene.

6 Formidling

Resultatet frå litteraturstudien vil verte presentert munnleg til studentar og lærarar ved kreftutdanninga på VID. Det vil også verte gjennomført internundervisning til kollegar på medisinsk avdelinga for å synleggjere denne kunnskapen, slik at auka fokus på den seksuelle helsa kan føre til betre ivaretaking av pasientane sine behov.

Referansar

- Aadland, E. (2004). «Og eg ser på deg...» *Vitenskapsteori i helse- og sosialfag* (2. utg.). Universitetsforlaget.
- Aveyard, H. (2014). *Doing a Literature Review in Health and Sosial Care: a practical guide* (3. utg.). [Doing a Literature Review in Health and Social Care : A Practical Guide \(vid.no\)](#)
- Befring, E. (2015). *Forskningsmetoder i utdanningsvitenskap* (1. utg.). Cappelen Damm Akademisk.
- Chapman, C. H., Heath, G., Fairchild, P., Berger, M. B., Wittmann, D., Uppal, S., Tolpadi, A., Maturen, K. & Jolly, S. (2019). Gynecologic radiation oncology patients report unmet needs regarding sexual health communication with providers. *Journal of Cancer Research and Clinical Oncology*, 145, 495-502. <https://dx-doi-org.ezproxy.vid.no/10.1007/s0043...>
